

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

31.01.18

Søknad om dispensasjon frå plankrav for arealoverføring og for opparbeiding av eksisterande og nytt uteområde for Sagstad skule

Sagstad skule har i lang tid hatt for lite uteareal for elevane ved skulen. Skulen er langt i frå å oppfylle krav til arealnorm for uteareal for skulen, og har berre ca 30 % av anbefalt utomhusareal for ein skule med ca 400 elevar.

For å sikre meir uteområde til elevane har Meland kommune erverva areal rundt skulen på tilsaman ca 16 000 m². Areala er satt av til offentleg tenesteyting i arealdelen til kommuneplanen, og ligg i område oT_2 Sagstad skule.

I føresegna til kommuneplanen punkt 1.2 *Plankrav* er det eit generelt krav til at areal satt av til framtidig bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad etter pbl § 20-2, jf. 20-1 vert tillate. Meland kommune som tiltakshavar søker om dispensasjon frå plankravet for arealoverføring og for opparbeiding eksisterande og nytt uteområdet for Sagstad skule.

Kartvedlegg 1 viser areal som det vert søkt om dispensasjon for arealoverføring for. Kartvedlegg 2 viser areal som det vert søkt om dispensasjon frå plankrav om for opparbeiding av utearealet. Arealet ligg innanfor den raud stipla linja. Opparbeiding av utearealet vil bli nabovarsla særskilt.

Grunngjeving for dispensasjon

Meland kommune som tiltakshavar meiner at dei omsyn ein reguleringsplan skal ivareta i dette tilfelle ikkje er nødvendig å få vurdert i ein eigen reguleringsplan. Ein reguleringsplanprosess vil ikkje tilføre saka meir opplysningar eller gje meir avklaringer enn byggesøknadsprosessen. Formålet med tiltaket er einsarta (uteområde for skulen) og krev ikkje nye tilkomstløysingar eller andre endringar i infrastruktur. Vi meiner difor at det er tilstrekkeleg at tiltaket vert detaljert gjennom ein utomhusplan og behandla i ein ordinær byggesøknad.

I kommuneplanen er det utarbeidd ei konsekvensutgreiing for omsøkt område der det er gjort vurderingar kring miljø, naturmangfold og andre aktuelle faktorar. Det er ikkje registrert verdfulle eller trua naturtypar i området. Det einaste temaet som kjem ut med stor risiko er transport. Årsaka er at FV 244 Sagstadvegen er tilkomst til skulen. Veggen har mykje trafikk og dårleg standard. Utviding av uteområde for skulen vil ikkje generere meir trafikk. I anleggsperioden vil transport til og frå anleggsområde innebere noko meir trafikk midlertidig. Her er det viktig med god dialog med skulen for å unngå anleggstrafikk når skuledagen byrjar og sluttar.

Storleiken på skuleplassen er i dag er så liten at miljøretta helsevern har varsla munnleg at skulen ikkje kan rekne med å bli godkjent etter lov om miljøretta helsevern i skule og barnehager før nytt uteområdet er ferdig opparbeidd. Dersom det skal utarbeidast reguleringsplan vil dette seinke framdrifta på opparbeidinga betydeleg, og føre til at det vil ta vesentleg lengre tid før skulen kan bli godkjent og elevane kan ha tilstrekkelege og gode uteopphaldsareal.

Kommunen som tiltakshavar vurderar at søknaden om dispensasjon oppfyller vilkåra i pbl § 19-2.



Øyvind Oddekval

Ordfører Meland kommune